

Sørstrand Folkepark får midlar frå Ewos

I førre veke fekk Sørstrand Folkepark gladmeldinga om at ein i årsmøtet for Industri Energi Ewos vedtok å løyve 5000 kroner i sponsormidlar til Sørstrand Folkepark. -det set vi utruleg stor pris på, og håpar at andre bedrifter blir inspirert til å gjere liknande. vi treng kvar krone til oppgradering av stranda og området rundt, seier Hedvig Hauge Hovland, webansvarleg på vegner av Sørstrand Folkepark

Skeptiske til ny tidkrevjande

Heile klassen på bystyretur

FLORØ: 16. juni vert dagen eikefjordingane vil måle det nye Høgre-Venstre-regimet mot. Dei to partia utsette det vidare planarbeid for skulen i vente på å få utgreidd kva ei privat utbygging, såkalla «ops», vil koste.

OLAV HATLEMARK
olav@firdaposten.no

Spørsmålet vart den store saka under budsjettmøtet i bystyret tysdag.

- Vi er ikkje nøgde, vi vil ha skulen vår fort, sa 8.-klassingane Synne Solheim og Håvard Tonheim. Saman med resten av 8.-klassingane i Eikefjord venta dei i seks timar i bystyret for å høyre debatten.

Halv million kroner

Høgre og Venstre ønskjer å finne ut om «OPS» kan verte billegare for kommunen enn om kommunen sjølv bygg er. OPS står for offentleg privat samarbeid, og betyr at private skal eige, bygge og ha ansvaret for vedlikehald i lang tid framover. Medan kommunen skal leige på langsiktig kontrakt.

Rådmann Terje Hegheim vil få ein halv million kroner til å greie ut ei slik løysing. Dermed vil det vere brukt over 1,5 millionar kroner til arkitektur og planlegging for prosjektet vert fort vidare. Rådmannen må truleg kjøpe seg hjelp utanfrå. Så langt Firdaposten veit har Ingen i fylket har hittil satsa på ops-løysing

- Dette er berre ein måte å hale ut tida for prosjektet på. Eg er slett ikkje sikker på at skulen vert bygt i denne perioden, utfordra SVs Bente Nilsen Halvorsen forslaget. Noko høgres, gruppeleiar for dagen, Hanne Husebo Kristensen

2012 BUDSJETTET

■ Fleirtalbudsjettet til Høgre og Venstre skal få Flora ut av Robek i 2013.

■ Målet er å betale ned på 2/3 av oppsamla underskot i 2012 og få resten dekt av fylkesmannen.

■ Budsjettetramma er på 630 mill.

nektar for. - Vi ber om å få prøve ut om dette er ein måte vi kan få gjort det billegare på, presiserte Kristensen.

- Finn vi at dette vert umuleg går vi laus på andre løysingar, forsikra Odd Bovim gruppeleiar for Venstre og leiar for oppvekstutvalet.

Bortkasta?

Utgreinga vil vere heilt bortkasta. Ops kan aldri verte billegare for kommunen. Det vil i alle fall verte heilt uaktuelt som rehabiliteringsprosjekt, hevda Ap-politikar og grendelagsleiar i Eikefjord Anders Ole Sunnarvik.

Han viste til eit ferskt døme

presentert i avisa BA om ein langt større skule i Bergen. Fasiten viste at ops vart langt dyrare i drift enn ei kommunale løysing

- Ops fungerer berre for svært store prosjekt og ikkje for ein så liten skule som Eikefjord.

Vi har berre eitt lokalt firma Åsen og Øvelid som er stort nok og solide nok til å vere med i konkurransen om eit ops-prosjekt. Men det ikkje dei vil ha har særleg sjanse i konkurranse med eit kommunalt prosjekt som kan få eit rentefritt lån på 37 millionar kroner, påsto Sunnarvik.

Også han frykta ei lengre utsettjng. Men vart likevel litt roa av Vidar Grønnevik fekk fleirtal for at rådmannen skal få ein frist for at ops-utgreinga til 16. juni.

«Ops-løysing kan aldri verte billegare for kommunen.»

Anders Ole Sunnarvik

Justerte berre 0,2 prosent

Spørsmålet om konkurranseutsetjing av såkalla støttefunksjonar skaper no det store skiljet i Florapolitikken.

Spørsmålet skal utgreiast for vaktmeistertjenester, reinhald, vedlikehald av kommunale bygg og drift av idrettsanlegga. I tillegg vil Høgre og Venstre ha vurdert sal av Flora kjøkkenservice KF, og sal av eldre hus og bygg som kommunen eig. Inntektene herifrå skal gå til å fornye eigedommane til kommunen

Det store målet er å føre Flora ut av Robek til neste årsskifte.

Høgres Vidar Grønnevik skiserte endringar på 6,7 millionar

NOK i høve til forslaget til rådmannen. Små justeringar på 0,2 prosent av eit budsjett på 630 millionar NOK. Dette vil likevel vere nok til at kommunen skal kunne betale ned på to tredelar av tidlegare års underskot og komme seg ut av Robek registeret til neste årsskifte.

I høve til rådmannen reduserte H og Venstre løyvingar til reparasjon på taket på Haffen med ein mill, utsette opprusting av trapp i rådhuset. Men førde inn sal av stein på vel to millionar kroner som ein ny inntektspost.

Fleirtalet let nesten åtte millionar kroner i såkalla frie investeringar stå udisponerte.



PÅ MØTET: Ikkje heilt nøgd med at ordføreren vil vente litt med å sette fart på rehab av skule



Kan din familie bli fosterheim?

Nesten alle barn får trøyst når dei gråt.

Men berre nesten.

Det finst barn som blir oversette eller overlátne til seg sjølve i staden for å bli stimulerte og leika med. Og det finst foreldre som ikkje maktar å gi nødvendig omsorg.

Desse barna kan trenge ein fosterheim, og behovet for nye fosterforeldre er stort.

Fosterbarn er som andre barn - forskjellige. Derfor trengst det òg ulike fosterheimar. Å vere fosterforeldre er ein eineståande sjanse til å tilby trygge rammer der barn og unge kan utvikle seg.

- Vite meir? Ta kontakt.



FOSTERHEIMSTENESTA SOGN OG FJORDANE
TLF. 466 19 000 (tast 4)
www.fosterheim.no/sfj